

# Lagmøte (trinnmøte) på Øystese skule

*Rutine for kva som skal vera tema på lagmøta på Øystese skule.*

**På Øystese skule vert fylgjande teke opp / gjort på lagmøta:**

- Samordning av fag, mål, opplegg denne veka.
- Kva informasjon assistentane treng og kven som skal informera dei.
- Inkluderande undervisning: eventuelle tilpassingar av opplegg til enkeltelevar, fokus på elevar i støttesystemet og SNO-elevar.
- Trygt og godt skolemiljø: Fokus på plikt til å gripa inn, plikt til å varsla, plikt til å setja inn tiltak. Kva ser me? Gjennomgå klasselista med tanke på elevar som ikkje har det trygt og godt (§9A). Ev gjera LP-analyse og nytta BTI handlingsrettleiar ved uro for elev(ar) (Nivå 0, steg 1-2). Det skal sendast varsel til rektor dersom uroa tilseier det.

*Viktig: alle er støttande og lyttande, og det skal vera rom til å ta opp saker som kvar deltar måtte vera oppteken av.*

Møteleiinga går på omgang.

I starten av møta er det ein runde der kvar deltar får høve til å mælda saker. Elles er det naturleg at det er faste postar på møta. Sjå på lista ovanfor. Ved behov for ekstra støtte er avdelingsleiar med på lagmøtet.

Lagmøta skal vara **minst** 45 minutt og haldast kvar veke.

*Revidert: 13. mars 2024*

